

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Vestlandsrådet
<b>Møtestad:</b>	Digitalt,
<b>Dato:</b>	07.02.2023
<b>Tid:</b>	09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

### Program

Det er ikkje lagt opp til særskilt program utover sakshandsaming.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til [Politisk@vlfk.no](mailto:Politisk@vlfk.no)

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Vestlandsrådet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

**Jon Askeland**

møteleiar

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	Godkjenningssaker		
GK 1/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 2/23	Godkjenning av møteprotokoll i Vestlandsrådet, 24.11.22	2023/882	
	Referatsaker		
RS 1/23	Nasjonal transportplan 2022-2033 - Status for prosessen	2023/882	
	Politiske saker		
PS 1/23	Vestlandsrådet - Rekneskap 2022 og budsjett 2023	2023/882	
PS 2/23	Vestlandsrådet - årsmelding 2022	2023/882	
PS 3/23	Oppfølging av næringsstrategien – rekruttering av prosjektleiing	2023/882	
PS 4/23	Forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane - uttale	2023/882	
PS 5/23	Flaumsikring av fylkeskommunal infrastruktur - uttale	2023/882	
PS 6/23	Vått og villare på Vestlandet - auka nasjonal satsing på vedlikehald av fylkesvegnettet. Uttale til arbeidet med statsbudsjettet 2024.	2023/882	
PS 7/23	Manglande nasjonal finansiering av Intereg-programma - uttale til arbeidet med statsbudsjettet 2024.	2023/882	



**GK 1/23 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2023/882-9  
**Saksbehandlar** : Thorbjørn Aarethun

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	2/23	07.02.2023

## Godkjenning av møteprotokoll i Vestlandsrådet, 24.11.22

Vedlagt er møteprotokollen fra møte i Vestlandsrådet, 24.november 2022.

# Vestlandsrådet

## Møteprotokoll

**Utvalg:** Vestlandsrådet

**Møtested:** Scandic Flesland Airport Hotel

**Dato:** 24.11.2022

**Tidspunkt:** 09:00 -11:30

### Frammøte:

Rogaland	Kjartan Alexander Lunde, V (vara) - møtte for Marianne Chesak, AP
Rogaland	Arne Bergsvåg, SP
Rogaland	Solveig Ege Tengesdal, KrF
Rogaland	Alexander Rügert-Raustein, MDG
Rogaland	Ole Ueland, H
Rogaland	Margrete Dysjaland, FrP
Vestland	Jon Askeland, SP
Vestland	Natalia Golis, MDG
Vestland	Arve Helle, AP (vara) - møtte for Anne Gine Hestetun, AP
Vestland	Kristina V. Hamre, KrF (vara) - møtte for Trude Brosvik, KrF
Vestland	Silja Ekeland Bjørkly, H
Vestland	Terje Søviknes, FrP
Møre&Romsdal	Tove-Lise Torve, AP
Møre&Romsdal	Line Matmosø Hoem, AP
Møre&Romsdal	Randi Walderhaug Frisvoll, KrF
Møre&Romsdal	Anne Marie Fiksdal, FrP
Møre&Romsdal	Anders Riise, H
Møre&Romsdal	Jan Ove Tryggestad, SP

Det var såleis 18 representanter til stades i møtet.

## Dessutan møte:

Håkon Schwalb, kst. fylkesdirektør Rogaland  
Gunn Randi Seime, kst fylkeskommunesdirektør, Møre og Romsdal  
Arne Hope, sekretariatsleiar, Rogaland  
Karen Følgesvold Bratset, prosjektleiar, Rogaland  
Dagfinn Aasen, kontaktperson Møre og Romsdal  
Thorbjørn Aarethun, kontaktperson Vestland

Richard Thaule, seksjonsjef byrådleiarens stab, Bergen kommune

I tillegg var næringsavdelingane i dei tre fylka representert ved:

Hilde Aspås, næringssjef i Møre og Romsdal  
Thomas Finnøy, Møre og Romsdal  
Bård Sandal, avdelingsdirektør - næring, plan og innovasjon, Vestland  
Kate Jellestad Syvertsen, kst kultur- og næringssjef i Rogaland  
Mette Fossan, næringssjef i Rogaland  
May Endresen, Rogaland  
Kjetil Bergsvåg, Rogaland

Det var ingen merknader til **innkallinga**.

Til **saklista** kommenterte Jan Ove Tryggestad at for dei som hadde lang reise, så var eit møte på to og ein halv time i minste laget.  
Leiaren repliserte at grunnen til at møtet vart korta ned, var budsjetthandsaminga i Vestland.

## Saksliste

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>	<b>U.off.</b>
RS 4/2022	Praktisk informasjon om møtet i Vestlandsrådet 24. november 2022	
PS 14/2022	Godkjenning av protokoll frå møtet i Vestlandsrådet 8. september 2022	
PS 15/2022	Næringsstrategi. Drøftingssak konkrete forslag	
PS 16/2022	Næringsstrategi. Organisering av det videre arbeidet.	
PS 17/2022	Nasjonalt senter for yrkesfag - uttale	
PS 18/2022	Tunnellsikkerhet	
PS 19/2022	Møteplan for 2023	

### **RS 4/2022 Praktisk informasjon om møtet i Vestlandsrådet 24. november 2022**

Vestlandsrådets behandling av sak 4/2022 i møte den 24.11.2022:

#### **Behandling**

(ikkje relevant)

### **PS 14/2022 Godkjenning av protokoll frå møtet i Vestlandsrådet 8. september 2022**

Vestlandsrådets behandling av sak 14/2022 i møte den 24.11.2022:

#### **Behandling**

#### **Votering:**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Protokollen fra møtet i Vestlandsrådet 8. september 2022 på Sola vert godkjent.

### **PS 15/2022 Næringsstrategi. Drøftingssak konkrete forslag**

Vestlandsrådets behandling av sak 15/2022 i møte den 24.11.2022:



## **Behandling**

Prosjektleiar Karen Følgesvold Bratset og dei tre næringsssjefane innleia.

### **Det vart protokollert:**

Forslag frå Jon Askeland:

Hovedtema for neste møte vert rammevilkår for næringslivet og virkemiddelapparatet.

Eksportfinansiering Norge og Innovasjon Norge blir invitert til møtet.

Saka vert elles tatt til orientering.

### **Votering:**

Askelands forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Hovedtema for neste møte vert rammevilkår for næringslivet og virkemiddelapparatet.

Eksportfinansiering Norge og Innovasjon Norge blir invitert til møtet.

Saka vert elles tatt til orientering.

## **PS 16/2022 Næringsstrategi. Organisering av det vidare arbeidet.**

Vestlandsrådets behandling av sak 16/2022 i møte den 24.11.2022:

## **Behandling**

Prosjektleiar Karen Følgesvold Bratset og dei tre næringsssjefane innleia.

### **Det vart protokollert:**

Forslag frå møteleiar:

Konklusjonane i saksframlegget blir førande for vidare oppfølging av næringsstrategien.

**Votering:**

Møteleiarers forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Konklusjonane i saksframlegget blir førande for vidare oppfølging av næringsstrategien.

**PS 17/2022 Nasjonalt senter for yrkesfag - uttale**

Vestlandsrådets behandling av sak 17/2022 i møte den 24.11.2022:

**Behandling****Det vart protokollert:**

Tove-Lise Torve stilte følgjande forslag:

1. Uttalen vert innleia slik:  
Vestlandsrådet viser til vedtatte uttale om Nasjonalt senter for yrkesfag (vedlagt)
2. Vestlandsrådet mener det er naturleg at Nasjonalt senter for yrkesfag blir lokalisert til landets største eksport- og industriregion Vestlandet (Rogaland, Vestland, Møre og Romsdal).

Deretter følgjer fylkesdirektøren sitt framlegg til uttale.

Alexander Rugert Raustein foreslo at førstesetning i tredje avsnitt i uttalen får ny ordlyd:

Fagarbeiderkompetanse er mest etterspurt i industrien og verdiskapinga.

**Votering:**

Torve og Rugert-Raustein sine framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Vestlandsrådet viser til vedtatte uttale om Nasjonalt senter for yrkesfag (vedlagt)
2. Vestlandsrådet mener det er naturlig at Nasjonalt senter for yrkesfag blir lokalisert til landets største eksport- og industriregion Vestlandet (Rogaland, Vestland, Møre og Romsdal).

Vestlandsrådet meiner at eit nasjonalt senter for yrkesopplæring må baserast på ein modell der trepartssamarbeidet vert speila i organiseringa av senteret. Eit av dei viktigaste suksesskriteria for fag- og yrkesopplæring er nettopp det gode og veletablerte samarbeidet og samhandlinga mellom partane i arbeidslivet, folkevalde, opplæringskontor, kommunar og fylkeskommunen. Det er og naturleg at senteret får ei rolle opp mot opplæringskontora og at ein arbeider for eit enda betre samarbeid med desse.

Fag- og yrkesopplæring på Vestlandet er prega av tillit, samhandling, høg kompetanse og vilje. Yrkesfag er viktig for Norge, og vi lange tradisjonar innafor store deler av næringslivet. Det er derfor viktig at senteret får eit mandat og oppdrag som bygger opp under disse tradisjonane og samarbeidet med næringslivet. Kompetanse- og erfaringsdeling frå dei største fagopplæringsfylka i landet, og dei som kan visa til gode resultat over tid bør derfor vera ein del av mandatet. Senteret bør forvalta alle dei om lag 180 faga som ligg i den nasjonale tilbudsstrukturen, slik at det representerer det store mangfaldet av bransjer.

Fagarbeiderkompetanse er mest etterspurt i industrien og næringslivet. Fafo-rapport 2018:14 «Fagarbeiderens og fagarbeiderens betydning for innovasjon» tyder på at høg kompetanse i fagarbeidarleddet gjer det mogeleg med hyppigare forbetringar av produkt og produksjonsprosessar, samanlikna med verksemdar som baserer seg på ufaglært arbeidskraft. Fagarbeidarar og fag- og yrkesopplæring kan vera vesentleg for innovasjon, både i den einskilde verksemda og i økonomien elles.

Det vil i mange tilfelle vera trong for kompetanse utover fagbrev, enten gjennom å ta fleire fagbrev eller supplera med fagskule/høgskule/universitet.

Forskningsfelt og utviklingsfelt for senteret må ha med seg både utdanningspolitikk,

næringspolitikk og arbeidslivspolitik. Brua mellom utdanning og næringsliv må altså vera tydeleg.

Fylkeskommunane har over år vore pådrivarar, saman med næringslivet, for å få etablert nye fag etter kvart som dei ulike bransjane har hatt eit kompetansebehov som ikke vert dekkja av det eksisterande tilbodet. Landsdelen vår er sterkt påverka av konjunktursvingningar og har lange tradisjonar for omstilling og utvikling av nye fag og bransjer. No står ein ovafor den største trongen for omstilling nokon gong. Videreutvikling og etablering av nye fag vil bli avgjerande for å lukkast både med måla våre for ny industriutvikling, måla for auka eksport og ikkje minst klimamåla vi har forplikta oss til. Nasjonal senter for yrkesfag bør derfor få ei sentral rolle i arbeidet med å utvikla og etablera nye fag.

## **PS 18/2022 Tunnellsikkerhet**

Vestlandsrådets behandling av sak 18/2022 i møte den 24.11.2022:

### **Behandling**

#### **Det vart protokollert:**

Jon Askeland foreslo at AU vedtek ein uttale på basis av det som kjem fram i saksframlegget.

Alexander Rugert-Raustein viste til avsnittet om forskriftskrav, behov for tiltak og brukstillatelse i sakframlegget, og foreslo:

"AU blir og bedt om å ta problemstillingane om forskriftskrav, behov for tiltak og brukstillatelse opp med sentrale styresmakter for å få avklaring på dette, som ikkje kan ha anna verknad enn å vera ein fordyrande tidstjuv."

### **Votering:**

Framlegget frå Askeland med Rugert-Raustein sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

AU utformer ein uttale på basis av innhaldet i saksframlegget.

AU blir og bedt om å ta problemstillingane om forskriftskrav, behov for tiltak og brukstillatelse opp med sentrale styresmakter for å få avklaring på dette, som ikkje kan ha anna verknad enn å vera ein fordyrande tidstjuv.

## **PS 19/2022 Møteplan for 2023**

Vestlandsrådets behandling av sak 19/2022 i møte den 24.11.2022:

### **Behandling**

#### **Det vart protokollert:**

Jon Askeland foreslo følgjande møteplan:

Tirsdag 7. februar

Tirsdag 11.april

Tirsdag 22. august

Torsdag 16. november

Det kan bli aktuelt med ytterlegare møte på Teams.

### **Votering:**

Askeland sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Vestlandsrådet sin møteplan for 2023 vert:

Tirsdag 7. februar i Møre Romsdal

Tirsdag 11.april

Tirsdag 22. august

Torsdag 16. november

Det kan bli aktuelt med ytterlegare møte på Teams.

---

**Saksnr:** 2023/882-1  
**Saksbehandla** r Matti Torgersen  
**Dato:** 30.01.2023

---

---

**Til:** Vestlandsrådet

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Nasjonal transportplan 2025-2036 - Status for prosessen

I denne saka vert det gitt eit oversyn over status for NTP-prosessen, og Vestlandsrådet sitt vedtak ved utarbeiding av Nasjonal transportplan 2022-2033. Vidare vert mogleg fråsegn frå Vestlandsrådet drøfta.

### Hovudinnretting av ny Nasjonal transportplan 2025-2036

Ny Nasjonal transportplan er framskynda eit år, og vil gjelde for perioden 2025-2036. Stortingsmeldinga skal leggjast fram våren 2024, og det vert lagt opp til handsaming i Stortinget i løpet av vårterminen same år.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at gjeldande Nasjonale transportplan 2022-2033 ikkje lenger er realistisk gitt dei føresetnadene som Noreg står ovanfor. Det er difor lagt opp til å utarbeide ein transportplan som er oppdatert og tilpassa framtidig transportbehov, samstundes som det er mogleg å følgje opp dei økonomiske rammene.

### Framdrift

Samferdselsdepartementet har gitt samferdselsverksemdene to hovudoppdrag:

- Utgreiingsoppdrag med frist 22. januar 2023
- Prioriteringsoppdrag med frist 31. mars 2024.

Prioriteringsoppdraget skal etter planen bli sendt på open høyring tidleg i april 2023. Etter det fylkesdirektøren kjenner til, vert høyringsfristen sett til juli 2023.

Lenke til prioriteringsoppdraget: [prioriteringsoppdraget](#)

Lenke til Samferdselsdepartementet si infoside om NTP: [infoside NTP](#)

Oppdraga er omtala under.

### Utgreiingsoppdrag

Hovudføremålet med oppdraget er skildra slik:

- «at virksomhetene fremskaffer kunnskap om utviklingstrekk og trender, og hvordan de kan påvirke transportterspørselen fremover.
- at virksomhetene gir svar på utfordringer og behov som bør løses/dekkes, herunder hva det er viktigst å gjøre noe med.

- at virksomhetene får et solid faglig grunnlag for å senere (i svar på prioriteringsoppdraget) kunne tilrå prioriteringer av ressursbruken i neste NTP. Prioriteringene bør svare på de største utfordringene vi står overfor, bidra til at vi når målene for NTP, og ha høyest mulig samfunnsøkonomisk lønnsomhet.»

Denne saka er utarbeida før prioriteringsoppdraget er lagt fram, men skal etter planen leggjast fram før Vestlandsrådet sitt møte.

### Prioriteringsoppdrag

I oppdragsbrevet frå Samferdselsdepartementet er det lagt vekt på at det skal utarbeidast ein realistisk NTP som svarer på framtida sine utfordringar for transportsystemet, og det vert lagt vekt på samfunnsøkonomisk lønsemd. Transportplanen skal omfatte statlege tiltak, og gje transportstyresmaktene eit godt grunnlag for å planleggje drift, vedlikehald, investeringar og andre tiltak i transportsystemet i eit langsiktig perspektiv frametter. Frametter vert det viktigare å ta vare på og utnytte den eksisterande infrastrukturen og transporttilbodet betre. Digitalisering og bruk av data vil spele ei viktigare rolle for å nå dei transportpolitiske måla. Med stadig trongare karbonbudsjett og auka press mot natur, skal prioriteringane også leggje til rette for å nå klima- og miljømåla. Det vert lagt stor vekt på å optimalisere prosjekta, vurdere standard og løysingar og å få meir for pengane. Statens vegvesen blir bedt om å vurdere om utbetningsstandard bør veljast i staden for full utbygging på større delar av vegnettet.

Transportverksemdene er bedt så langt som mogleg å anslå samfunnsøkonomisk lønsemd av all ressursbruk i NTP. Unntak frå dette er bunde/igangsette prosjekt og effektpakkar.

Ressursbruken skal prioriterast ut i frå ein samfunnsøkonomisk analyse der det skal takast omsyn til både prissette og ikkje-prissette verknader

Prioriteringane skal gjerast innan tre tekniske rammenivå. Ramme 2 er fastsett med utgangspunkt i ei vidareføring av løyvingane til NTP-føremål i regjeringa sitt framlegg tipl 2023-budsjett. Ramme 1 og ramme 3 ligg hhv. 10 prosent lågare og 10 prosent høgare enn ramme 2.

### Fylkesvegar

For fylkesvegar vert det presisert at dette er fylkeskommunen sitt ansvar, og blir i liten grad finansiert gjennom NTP. Planramma til NTP inneheld følgjande knytt til fylkesveg:

- Dei delane av inntektssystemet til fylkeskommunane som blir fordelt etter særskilde kriterium knytt til fylkesveg («tabell C»-saker). Dette gjeld opprusting og fornying av fylkesvegnettet, kompensasjon for forskrift om tunnelsikkerheit, og ras- og skredsikring.
- Tre øymerke tilskot til fylkesvegar over SD sitt budsjett.

Verksemdene er i tillegg bedt om innan 3. oktober 2023 å sende over eit oppdatert talgrunnlag for prioriteringane med oppdaterte samfunnsøkonomiske berekningar i 2024-kroner.

### Byområda

For byområda skal verksemdene vurdere statlege tilskot som vert løyvd over kap. 1332, postane 63 og 66. Dette gjeld tilskot til byvekstavtalar og belønningsavtalar samt tilskot til fem mindre byområde som ikkje er omfatta av ordninga med byvekstavtalar. Videre skal midlar til mindre kollektiv-, gang- og sykkeltiltak i byvekstavtalar som løyvast over kap. 1320, post 30.

### Skredsikring

Det vert vist til at arbeidet med ein nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riks- og fylkesvegar med høg og middels skredfaktor pågår. Dette m.a. gjennom å oppdatere kartlegginga av alle skredpunkt på riks- og fylkesveg i oversynet Statens vegvesen gjorde i 2019 med ny skredfaktormodell. Statens vegvesen blir bedt om å anslå tal skredpunkt med høg og middels skredfaktor som blir eliminert som følgje av Statens vegvesens forslag til prioriteringar innanfor dei berekningstekniske rammene.

Statens vegvesen er bedt om så langt som det er mogleg å hente inn måltal frå fylkeskommunane for tal skredpunkt med høg og middels skredfaktor som kan bli eliminert i planperioden. Dei fylkeskommunale måltala skal byggje på budsjetttrammene til fylkeskommunane i perioden. Statens vegvesen skal innhente informasjon frå fylkeskommunane om samfunnsøkonomiske vurderingar av ras- og skredsikringstiltak på fylkesveg opp mot andre tiltak på fylkesveg gitt dei berekningstekniske rammene for fylkesveg. Oversynet, saman med det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget for skredpunkt på vegnettet, skal vere viktig grunnlag for rullering av den nasjonale gjennomføringsplanen for ras- og skredsikring av alle riksveier og fylkesveier med høg og middels skredfaktor. Statens vegvesen blir også bedt om skisser for innretting av eit innovasjonsprogram og ei incentivordning.

### **Vestlandsrådet si handsaming av NTP 2022-2033**

Ved utarbeiding av Nasjonal transportplan 2022-2023, gav Vestlandsrådet følgjande fråsegn i møte 25/4-2020

«Vestlandsrådet vil arbeide for å sikre realisering av følgjande felles transportstrategi for Vestlandet på følgjande områder;

- a) For å utvikle dei store vekstområda langs kysten på Vestlandet må E39 mellom Stavanger-Trondheim planleggast og utbyggast både med ferjefrie løysingar, samt opprustingsprosjekt og rassikringstiltak på land mellom ferjestrekningane. Som den viktigaste vegstrekninga for å binde landsdelen saman må det sikrast økonomiske rammer og midlar for å planlegge og realisere fylkeskommunane sine prioriterte tiltak på denne vegstrekninga.
- b) Det må utarbeidast ein heilskapleg, nasjonal plan for skred- og flaumsikring av riks- og fylkesvegnettet. Planen må sikrast ei statleg finansiering for gjennomføring i løpet av ei tidsramme på 12 år. Prosjekt i kategori høg og middels må fullfinansierast i ny NTP periode.
- c) Med dagens økonomiske rammer, nye krav til vegstandardar og tunnelsikring vil fylkeskommunane ikkje kunne ta att vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet. Vestlandsrådet krev eit statleg program for å fjerne vedlikehaldsetterslepet (inkludert tunnelsikkerheitsforskrifta) på fylkesveg i løpet av NTP-perioden
- d) Omstilling til låg- og nullutsleppsteknologi i ferje- og snøggbåtdrifta har betydelege meirkostnader i høve til konvensjonell teknologi. For å sikre rask innføring av miljøvenleg ferje - og snøggbåtdrift må staten ta eit større finansieringsansvar for fylkeskommunane sine utviklings- og investeringskostnader
- e) Vestlandsrådet syner til teknologiutviklinga innan elektrifisering av luftfarten og understrekar at kortbanenettet på Vestlandet er godt eigna til å prøve ut denne teknologien.

Vestlandsrådet syner til at Stad skipstunnel er det einaste store investeringsprosjektet innanfor sjøtransport og er fullfinansiert i gjeldande NTP, og at Stortinget har vedteke byggestart i inneverande stortingsperiode (2017-2021). Vestlandsrådet føreset at dette vert gjennomført.»

### **Fylkesdirektøren sine kommentarar**

Departementet legg som nemnt opp til ei open høyring av samferdselsverksemdene sitt framlegg til Nasjonal transportplan 2025-2036. Vestlandsrådet kan gje eit fråsegn til denne i tråd med det som har vore gjort i tidlegare rundar. Det vil også kunne vere eit grunnlag for fylkestinga si handsaming av høyringsfråsegna.

Framlegget frå samferdselsverksemdene vil ikkje bli lagt fram før i starten av april. Med planlagt møtetidspunkt 11. april, - som er dagen etter påskeferien - vil det ikkje vere mogleg å få fram eit forsvarleg utgreidd saksførelegg som vert sendt ut på førehand. Alternativ kan vere å enten å utsetje møtet, ha eit ekstramøte, eller gje AU fullmakt til å gje eit høyringsfråsegn basert på drøfting i Vestlandsrådet



## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	1/23	07.02.2023

## Vestlandsrådet - Rekneskap 2022 og budsjett 2023

### Forslag til vedtak

1. Rekneskapen for Vestlandsrådet 2022 vert godkjent.
2. Vestlandsrådet vedtek budsjett for 2023 slik det framgår i saksframlegget.

### Samandrag

Vestlandsrådet disponerer midlar frå medlemsfylka, og må vedta rekneskapen for eiga verksemd. Samstundes legg fylkesdirektøren til grunn at rådet vedtek budsjett for inntekter og utgifter for året 2023.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Thorbjørn Aarethun  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestlandsrådet disponerer midlar frå medlemsfylka, og må vedta rekneskapen for eiga verksemd. Samstundes legg fylkesdirektøren til grunn at rådet vedtek budsjett for inntekter og utgifter for året 2023.

### Rekneskap 2022

Rogaland fylkeskommune hadde leiarskapen av Vestlandsrådet i 2022, og har hatt ansvaret for å føre rekneskapet for verksemda i rådet slik det er sett opp i tabellen under;

Rekneskap	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Rekneskap 2022
Ordinær kontingent	1 800 000	1 800 000	1 800 000
Overførte ubrukte midlar	1 011 083	1 136 615	1 136 615
<b>Sum inntekter</b>	<b>2 811 083</b>	<b>2 936 615</b>	<b>2 936 615</b>
Sekretariat	1 000 011	1 000 000	1 000 000
Møteutgifter Vestlandsrådet	0	200 000	131 261
Nettside, løpande drift – Origin	31 818	50 000	20 612
Nye nettsider		150 000	77 500
NORA - fast årleg medlemsavgift	138 925	140 000	0
Næringsstrategi for Vestlandet	503 712	900 000	264 366
<b>Sum utgifter</b>	<b>1 674 446</b>	<b>2 440 000</b>	<b>1 493 739</b>
Overskot overført til neste fylkeskommune	1 136.615	495 615	1 442 876

Merknader til dei einskilde postane:

- I tråd med tidlegare praksis er utgifter til sekretariat (løn og andre interne utgifter i vertsfylket) sett til 1 mill kr., utan omsyn til om dei reelle utgiftene er høgare eller lågare.
- Møteutgifter er bevertning og leige av lokale i samband med møta i Vestlandsrådet. I 2022 vart det gjennomført tre fysiske møter; to i Bergen, og eitt på Sola. Reiser til og frå møta og evt overnatting vert dekkja av den enkelte fylkeskommune.
- I budsjettet og rekneskapen er utgifter til nettside splitta mellom faste utgifter og kostnader med utvikling av ny nettside.
- Vestlandsrådet er medlem i NORA (Nordic Atlantic Cooperation) I 2022 er det ikkje motteke faktura for medlemskontingenten.
- Under posten «Næringsstrategi for Vestlandet» er det teke med løn og sosiale utgifter til prosjektleiar i perioden 1. oktober til 31. desember. Reiseutgifter og anna er ført under sekretariatsutgifter.
- Kr 1.442.876 vert overført til Vestland fylkeskommune.

**Budsjett 2023**

Fylkesdirektøren legg fram følgjande forslag til budsjett for verksemda i Vestlandsrådet i 2023;

<b>BUDSJETT</b>	<b>Budsjett 2022</b>	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Ordinær kontingent	1 800 000	1 800 000	1 800 000
Kontingent næringsstrategi			1 350 000
Overførte ubrukte midlar	1 136 615	1 136 615	1 442 876
<b>Sum inntekter</b>	<b>2 936 615</b>	<b>2 936 615</b>	<b>4 592 876</b>
Sekretariat	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Møteutgifter Vestlandsrådet	200 000	131 261	200 000
Nettside, løpande drift – Origin	50 000	20 612	50 000
Nye nettsider	150 000	77 500	
NORA - fast årleg medlemsavgift	140 000	0	280 000
Næringsstrategi for Vestlandet	900 000	264 366	1 350 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>2440 000</b>	<b>1 493 739</b>	<b>2 880 000</b>
<b>Til disposisjon</b>	<b>495615</b>	<b>1 442 876</b>	<b>1 712 876</b>

Merknader til budsjettet:

- Vestlandsrådet sine inntekter kjem frå ordinær kontingent fra fylkeskommunane, ekstraordinære tilskot i samband med næringsstrategien, samt frå ubrukte midlar frå året før.
- I samband med iverksettinga av næringsstrategien vedtok Vestlandsrådet i sak 02/2022 å auka kontingenten frå kr 600.000 til kr 1.050.000 frå kvar fylkeskommune med verknad frå 2023. Dette er lagt inn i budsjettet.
- I tråd med tidlegare praksis legg fylkesdirektøren til grunn at vertskommunen får 1 mill kr til sekretariatsutgifter, uavhengig av om dei reelle utgiftene er større eller mindre.
- Utgifter til møter i rådet er avhengig av talet på fysiske møte på hotell. For 2023 er det førebels lagt opp til fire møter, der det første vert gjennomført som digitalt møte.
- Ny nettside vart teken i bruk i desember 2022. Lisensutgifter utgjer kr 22.500 pr år. I tillegg må ein rekna med noko opplæring og øvrig bistand til nye brukarar.
- Kontingenten til NORA er DKK 100.000, i norsk valuta kr 140.000. Sidan Vestlandsrådet ikkje mottok faktura for medlemskapet i 2022, er det budsjettert med dobbel kontingentinnbetaling i 2023.
- I tråd med tidlegare vedtak er det sett av kr 1.350.000 til iverksetting av næringsstrategien.

**Konklusjon**

Fylkesdirektøren tilrår at Vestlandsrådet vedtek framlagte rekneskap for 2022 og budsjett for 2023.

---

**Saksnr:** 2023/882-7  
**Saksbehandlar** : Thorbjørn Aarehun

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	2/23	07.02.2023

## Vestlandsrådet - årsmelding 2022

### Forslag til vedtak

Vestlandsrådet tek årsmelding 2022 til orientering.

### Samandrag

Fylkesdirektøren legg med dette fram vedlagte årsmelding for 2022 i Vestlandsrådet til orientering og open drøfting.

**Rune Haugsdal**  
fylkesrådmann

**Thorbjørn Aarehun**  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

1 VR Årsmelding VR 2022

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn for saka**

Fylkesdirektøren legg med dette fram vedlagte årsmelding for 2022 i Vestlandsrådet til orientering og open drøfting.

# Vestlandsrådet

## Årsmelding

2022

## Forord

Vestlandsrådet gikk inn i 2022 med nylig vedtatt næringsstrategi, og med fortsatt covid-restriksjoner. Starten ble derfor litt mer krevende enn vi hadde håpet. Planen var å presentere næringsstrategien for vestlandsbenkene på Stortinget like etter nyttår. Dette måtte skrinlegges da det var umulig å få til et fysisk møte.

I tillegg til ettervirkningene av pandemien, har året også vært preget av krig i Europa, med de konsekvensene den har fått også for vår landsdel.

Årets første møte i Vestlandsrådet ble avholdt på Teams. Vi har hatt tre etterlengtede fysiske møter. Det skulle ha vært fire, men møtet 16. juni på Gardermoen måtte avlyses på grunn av at det utrolig nok ikke var ledige flyseter å oppdrive.

Jeg vil takke alle for godt frammøte og god stemning på Vestlandsrådets møter. Så vil jeg berømme Arbeidsutvalget for stort engasjement og gode diskusjoner midt oppi en hektisk hverdag.

Etableringen av det vedtatte næringspolitiske forumet har ikke vekket den oppslutningen vi forventet. Vi tar derfor en fot i bakken i påvente av å få prosjektleder på plass. Hun har foreslått noen kursjusteringer som jeg tror er fornuftige, og hun er allerede kommet godt i gang med arbeidet.

Jeg takker alle for innsatsen i 2022, og ønsker Vestland fylkeskommune lykke til med lederskapet i 2023.

Stavanger, desember 2022

Marianne Chesak

Leder i Vestlandsrådet og fylkesordfører i Rogaland

## Organisering av arbeidet i Vestlandsrådet

### Leiting

Vestlandsrådet består av 18 medlemmar, 6 frå kvart fylke. Vestlandsrådet blir leia av fylkesordførarane, for eitt år om gongen. I 2022 har Marianne Chesak, fylkesordførar i Rogaland leia rådet. Fylkesordføraren i det fylket som står for tur til å overta leiarskapen, er nestleiar.

### Medlemer

Rogaland	Marianne Chesak	Ap
	Arne Bergsvåg	Sp
	Solveig Ege Tengesdal	Krf
	Ole Ueland	H
	Margrete Dysjaland	Frp
	Alexander Rugert-Raustein	MDG
Møre og Romsdal:	Tove-Lise Torve,	Ap
	Line Hatmosø Hoem,	Ap
	Randi Walderhaug Frisvoll,	Krf
	Anne Marie Fiksdal	Frp
	Anders Riise,	H
	Jan Ove Tryggestad,	Sp
Vestland	Jon Askeland	Sp
	Nathalia Golis	Mdg
	Arve Helle	Ap*
	Trude Brosvik	Krf
	Silja Bjørkly	H
	Terje Søviknes	Frp

\*Har møtt fast i Anne-Gine Hestetuns sjukefråver.

### Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet (AU) består av dei tre fylkesordførarane og blir leia av den fylkesordføraren som og er leiar av Vestlandsrådet.

AU skal vera eit organ som set den politiske dagsorden og som tek avgjerd i saker mellom møta der dette er nødvendig, jf pkt 5 i samarbeidsavtalen.



## **Fylkesdirektørar og sekretariat**

Fylkesdirektørane deltek og på møta i Vestlandsrådet og i AU.

Fylkesdirektørane i det fylket som har leiarskapet, har og det overordna administrative ansvaret for drifta av Vestlandsrådet. Fram til juli var Inge Smith Dokken fylkesdirektør i Rogaland, og i perioden august-desember har Håkon Schwalb vore konstituert.

Fylkesdirektøren koordinerer arbeidet gjennom sekretariatsleiar og dei fagavdelingane som bidrar til Vestlandsrådet. Desse fagavdelingane samarbeider igjen med sine kolleger i dei andre fylka.

Arne Hope har vore engasjert som sekretariatsleiar på timebasis, og har brukt ca 0,6 årsverk.

Gunn Randi Seime har vore konstituert fylkeskommunedirektør i Møre og Romsdal og Rune Haugsdal er fylkesdirektør i Vestland.

## **Kontaktpersonar**

I Møre og Romsdal har Dagfinn Aasen og Christian Tollefsen Aasen vore kontaktpersonar, og i Vestland har Thorbjørn Aarehun hatt same funksjon. Dette inneber at dei har delteke som observatørar på møta i Vestlandsrådet og i Arbeidsutvalet.

## **Nettsidene til Vestlandsrådet**

Nettsidene til Vestlandsrådet er eigd av Rogaland fylkeskommune, og har vore organisert og administrert av selskapet Origin i Stavanger.

Det har lenge vore trong for ei ny og meir moderne nettside. I 2022 har det vore gjennomført ein anskaffelsesprosess som ga Origin mandat til å levere ei ny nettside basert på ein meir moderne plattform. Sekretariatsleiar har i samarbeid med kommunikasjonsavdelinga i Rogaland fylkeskommune utforma den nye sida, som vart publisert 15.12.2022.

## **Generelt om arbeidet i 2022**

Første del av året var framleis preg av covid19-restriksjonar. I januar vart det halde eit møte som skulle ha vore i november. Men det måtte haldast digitalt på Teams.

Meininga var og at AU skulle møta vestlandsbenkane på Stortinget på nyåret for å presentera næringsstrategien. Også dette måtte avlysast grunna smitteverntiltak.

Vestlandsrådet hadde i 2021 vedteke ein næringsstrategi, og vedtok 20. januar korleis arbeidet med strategien skulle organiserast. Dei viktigaste praktiske tinga

som skulle gjerast, var å få i gang det næringspolitiske forumet, samt gjennomføra tilsetjing av ein prosjektleiar. Dette arbeidet vart køyrd parallelt for å spara tid.

Responser på invitasjonen til det næringspolitiske rådet var ikkje som forventa. Berre to instansar svarte. Det kom og signal på at fleire av dei som var tiltenkt i forumet ikkje hadde kapasitet til å delta i enda fleire næringspolitiske møteplassar. Sekretariatet bestemte seg derfor for å la arbeidet med å etablere det næringspolitiske forumet ligga til ny prosjektleiar var på plass.

I mellomtida la ein opp til dagsaktuelle innleiarar på møta i rådet, som kunne understøtta arbeidet rundt næringsstrategien. Meir om dette under dei einiskilde møta.

### **Arbeidet med næringsstrategien**

Prosjektleiar Karen Følgesvold Bratset byrja i stillinga 1. oktober. Arbeidet har i hovudsak handla om å organisera arbeidet, identifisera mogelege samarbeidspartnarar og vurdera kva nasjonale prosessar som er mogelege å påverka. Det har vore trong for fleire avklaringar og ny forankring i Vestlandsrådet for å koma vidare i arbeidet.

Vestlandsrådet støtta på møtet i november opp om forslag frå prosjektleiar om å gå bort frå det vedtekne næringspolitiske forumet. Dette skuldast at interesse frå dei inviterte var svært laber. Som alternativ valde ein å gå vidare med forslaget om å invitera til éi årleg felles samling mellom partnerskapa i fylkeskommunane. Eitt av måla med de næringspolitiske arbeidet blir å innta ei samordnande rolle, å bygga vidare på arbeid som alt pågår, henta inn innspel og binda saman fleire av dei aktørane som alt arbeider for næringsutvikling på Vestlandet. Partnerskapa i fylkeskommunane er operative heile året, og sit inne med mykje kompetanse som er svært relevant for oppfølginga av Vestlandsrådet sin næringsstrategi.

Vestlandsrådet har gjennom heile prosessen med det næringspolitiske arbeidet vore bevisst på den rolla klyngene har i næringsutviklingsarbeidet. Sjølv om det næringspolitiske forumet i si opprinnelege form utgår, så vil samarbeidet med klyngene vera ein sentral del av det vidare arbeidet. Næringsstrategien peike og på trongen for eit tettare samarbeid med forsknings- og utdanningssektoren. AU stadfesta på møtet i desember at dei ynskjer å sjå nærare på mogelege samarbeidspartnarar her. Prosjektleiar har teke uformell kontakt med Universitets- og høgskulenettet på Vestlandet (UH-nett Vest) for å undersøkje om dette er ein mogeleg samarbeidspartner.

Vestlandsrådet bør arbeida med å gjera synlege mulighetene og kompetansen som finst på Vestlandet. Dette kan mellom anna gjerast gjennom å påverka nasjonale prioriteringar i statsbudsjett, fordeling av statlege arbeidsplasser, prioriteringar i Nasjonal Transportplan m.m. Vestlandsrådet har og muligheiten til å tala med samla

røyst for å styrka rammevilkåra og muligheter for vidare utvikling av næringslivet.

Prosjektleiari leverte oppseiing 21. desember og avslutter sitt engasjement for Vestlandsrådet 4. januar 2023.

## **Møter og saker**

### Vestlandsrådet

-har hatt fire møter i 2022. Det første, 20. januar var eit utsett møte frå 2021, og er såleis omtalt i årsmeldinga for det året.

- 28. april i Bergen, Vestland
- 8. september på Sola, Rogaland
- 24. november i Bergen, Vestland

Eit møte var beramma til 16. juni på Gardermoen, med det vart avlyst grunna fulle fly.

### Arbeidsutvalet

-har hatt 6 møte på Teams:

- 11. mars
- 31. mars
- 10. juni
- 25. august
- 27. november
- 16. desember

og behandla 24 saker.

## **Saker som er behandla i Vestlandsrådet**

Inkludert møtet 20. januar er det behandla 19 saker i rådet.

### **20. januar (Teams-møte, administrert av Møre og Romsdal)**

01/2022	Protokoll frå vestlandsrådets møte 2. september 2021
02/2022	Oppfølging av Vestlandsrådets vedtak om «Næringsstrategi for Vestlandet» - organisering og arbeidet framover
03/2022	Oppdatering av Samarbeidsavtalen m.v. for Vestlandsrådet
04/2022	Om arbeidet i AU2. halvår 2021 - orienteringssak
05/2022	Eventuelt

I tillegg var sentrale personar innan energiforsyninga invitert til å halda korte innlegg:

- *Gunnar G. Løvås*, konserndirektør for kraftsystem og marked, Statnett
- *Ivar Arne Børset*, direktør for strategi og utvikling for forretningsområdet produksjon og industrielt eierskap, Statkraft
- *Jannicke Hilland*, administrerende direktør, Eviny/BKK
- *Harris Utne*, ansvarlig for Statnetts planarbeid på Vestlandet og Sørlandet

## **28. april på Radisson Blu Royal Hotel, Bergen**

06/2022	Godkjenning av protokoll frå møtet i Vestlandsrådet 20.01.2022
07/2022	Årsmelding 2021
08/2022	Rekneskap 2021
09/2022	Budsjett 2022
10/2022	Næringsstrategi for Vestlandet

I lys av dei dramatiske endringane i verdssituasjonen, sette vi «*Næringsutvikling på Vestlandet i ei uroleig verd*» som tema på dette møtet. Til å halda innleiing hadde vi invitert:

- *Owe Hagesæther*, adm.dir. i GCE Ocean Technology
- *Lars Rotset*, adm.dir. Kverneland Group
- *Hans-Inge Algrøy*, regionsjef i Sjømat Norge

## **8. september på Scandic Stavanger Airport Hotel, Sola**

11/2022	Godkjenning av protokoll frå møtet i Vestlandsrådet 28. april 2022
12/2022	Vestlandsrådet sitt arbeid ovafor Energikommisjonen
13/2022	Høyring: NOU 2022:6 - Nett i tide - om utviklingen av strømnettet

I den politiske plattformen er eit av kulepunkta at Vestlandsrådet kan støtte tiltak som fremjar felles identitet og kultur. I eit forsøk på å belysa den felles vestlandsidentiteten, inviterte vi professorane Rune Dahl Fitjar ved UiS og Håvard Teigen ved Høgskulen Innlandet som innleiarar.

Vestlandsrådet var og på befaring hos batterifabrikken Beyonder i Sandnes.

## **24. november på Scandic Flesland Airport Hotel, Bergen**

14/2022	Godkjenning av protokoll frå møtet i Vestlandsrådet 8. september 2022
15/2022	Næringsstrategi. Drøftingssak konkrete forslag
16/2022	Næringsstrategi. Organisering av det vidare arbeidet.
17/2022	Nasjonalt senter for yrkesfag - uttale
18/2022	Tunnellsikkerhet
19/2022	Møteplan for 2023

På dette møtet la den nye prosjektleiareren fram synspunkt på næringsstrategien og på korleis denne skulle følgast opp på best mogeleg måte.



## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	3/23	07.02.2023

## Oppfølging av næringsstrategien – rekruttering av prosjektleiing

### Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet ber om at rekruttering av prosjektleiar for oppfølging av næringsstrategien for Vestlandet vert gjort gjennom ei vurdering av eksisterande ressursar i ein av dei tre næringsadministrasjonane. Denne vert kjøpt fri for å ivareta denne rolla.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å rekruttere denne interne ressursen.

### Samandrag

Vestlandsrådet (VR) beslutta i 2022 å rekruttere ein prosjektleiar i eit 3-årig engasjement knytt til oppfølging og realisering av vedteken «næringsstrategi for Vestlandet». Gjennom ein rekrutteringsprosess vart Karen Følgesvold Bratset ansatt, med oppstartsdato 1.oktober 2022. Ho var organisatorisk knytt til Rogaland fylkeskommune i linja til fylkesdirektør. Karen Følgesvold Bratset har sagt opp stillinga med 14 dagars oppseiingstid og er no slutta i stillinga. Saka omhandlar ei vurdering og anbefaling knytt til nyrekruttering av prosjektleiar til å fylle denne rolla. Fylkesdirektøren si vurdering er at rekruttering av prosjektleiar for oppfølging av næringsstrategien for Vestlandet vert gjort gjennom ei vurdering av eksisterande ressursar i ein av dei tre næringsadministrasjonane. Denne vert kjøpt fri for å ivareta denne rolla.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Bård Sandal**  
avdelingsdirektør næring, plan og  
invasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestlandsrådet (VR) beslutta i 2022 å rekruttere ein prosjektleiar i eit 3-årig engasjement knytt til oppfølging og realisering av vedteken «næringsstrategi for Vestlandet». Gjennom ein rekrutteringsprosess vart Karen Følgesvold Bratset ansatt, med oppstartsdato 1.oktober 2022. Ho var organisatorisk knytt til Rogaland fylkeskommune i linja til fylkesdirektør. Karen Følgesvold Bratset har sagt opp stillinga med 14 dagars oppseiingstid og er no slutta i stillinga. Saka omhandlar ei vurdering og anbefaling knytt til nyrekruttering av prosjektleiar til å fylle denne rolla.

### Vurderingar og verknader

Administrasjonen vurderer at å ivareta ei slik rolle på tvers av tre fylker, tre politiske leiingar, tre fagadministrasjonar og opp mot sekretariatet i VR, er ein krevande struktur å arbeide i grenseflatene mot. Det krev gode system og rutinar for å sikre at dette lykkast. Det vil uavhengig av løysing være viktig at dei tre fylkeskommunane set av intern kapasitet og kontaktpersonar ut over VR-sekretariatet, til å ivareta effektiv og god tidsbruk og felles oppfølging av næringsstrategien for Vestlandet. For å sikre dette har no dei tre næringsadministrasjonane i dei tre fylka, definert ein namngjeven medarbeidar som får i oppgåver og rolle å være «ei dør inn» til næringsadministrasjonane i de tre fylka.

Det er i samband med saksutgreiinga vurdert tre ulike modellar for ivaretaking av ei slik prosjektleiarrolle;

1. Lyse ut på nytt etter eit 3-årig engasjement.
2. Vurdere om der er ein/fleire ressursar i dei tre næringsadministrasjonane som kan kjøpast fri til å ivareta denne rolla.
3. Kjøp av ressursar frå ein ekstern aktør/organisasjon som er habil og kompetent til å ivareta ei prosjektleiarrolle på veggen av VR.

Vurdering av dei tre alternativa:

1. Lyse ut på nytt etter eit 3-årig engasjement.  
Som sagt over er det å bli engasjert for å ivareta ei slik rolle på tvers av tre fylker, tre politiske leiingar, tre fagadministrasjonar og opp mot sekretariatet i VR, ein krevande struktur å arbeide i grenseflatene mot. Administrasjonen vurderer at ei ekstern nyrekruttering vil kunne ta lang tid å få på plass, både med sjølv rekrutteringsprosessen og eventuell oppseiingstid til kandidaten. Så vil kandidaten måtte og bruke tid til å sette seg inn i strategien, bli kjent med dei tre fylka både knytt til næringsliv, satsingar, samt fylka sine eigne næringsstrategiar. Så vil det og ta tid å bli kjent med fylkeskommunane både administrativt og politisk. Og det vil kunne være same risiko for at kandidaten kan velje å sei opp i løpet av prosjektperioden. Så vert konklusjonen å lyse ut rolla på nytt bør det gjerast ei kort evaluering av den perioden som har gått og vurdering av kva som må til for å ev. lykkast betre ved ei nyrekruttering.
2. Vurdere om der er ein/fleire ressursar i dei tre næringsadministrasjonane som kan kjøpast fri til å ivareta denne rolla:  
Her vil ein fordel være at ei slik rekruttering vil innebære at der alt vil være kunnskap om fylkeskommunen sine prioriteringar og forvaltning, kunnskap om både administrativ og politisk organisering.  
For å få grunnlag til å vurdere dette har dei tre næringsssjefane i våre tre fylker drøfta dette i samband med saksutgreiinga. Vurderinga er at det er ein ressurs i Rogaland fylkeskommune som kan kjøpast fri, og er kvalifisert til å ivareta rolla som prosjektleiar i ein 3-årsperiode, om Vestlandsrådet gjer vedtak om ei slik rekruttering.
3. Kjøp av ressursar frå ein ekstern organisasjon som er habil og kompetent til å ivareta ei prosjektleiarrolle på veggen av VR:

Her må ein vurdere om lov om offentleg anskaffing slår inn, og at ein då må legge eit oppdrag av denne størrelse og med ein tidshorisont på tre år ut på anbod. Operatør for eit slikt oppdrag kan alternativt både være eit relevant konsulentbyrå eller ein relevant organisasjon. Når «næringsstrategien for Vestlandet» vart utarbeidd i 2021, var oppdraget ute på anbob, og det var PWC som vann dette og arbeidde saman med fylkeskommunane og ei arbeidsgruppe med eksterne næringsrepresentantar frå dei tre fylka i utarbeidinga av strategien. Av organisasjonar kan det trekkast fram fleire, men skal vi spesielt trekke fram ein, så vil «Initiativ Vest» kunne vurderast som ein relevant partner - <https://www.initiativvest.no/>.

Administrasjonen si vurdering er at her vil og den eksterne aktøren måtte bruke tid til å sette seg inn i strategien, bli kjent med dei tre fylka både knytt til næringsliv, satsingar, samt fylka sine egne næringsstrategiar. Så vil det og ta tid å bli kjent med fylkeskommunane både administrativt og politisk. I tillegg tidsbruk knytt til å avklare anskaffingsregeleverket samt tidsbruk til å lyse prosjektet ut og gjennomføre ei konkurranse knytt til denne.

### **Konklusjon**

Fylkesdirektøren anbefaler at Vestlandsrådet ber om at rekruttering av prosjektleiar for oppfølging av næringsstrategien for Vestlandet vert gjort gjennom ei vurdering av eksisterande ressursar i ein av dei tre næringsadministrasjonane. Denne vert kjøpt fri for å ivareta denne rolla.



## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	4/23	07.02.2023

## Forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane – mogleg uttale

### Forslag vedtak

Vestlandsrådet viser til fylkeskommunane sine vedtak om uttale til forslaget om endringar i inntektssystemet, og gir arbeidsutvalet fullmakt til å vurdere grunnlaget for ein felles uttale frå Vestlandsrådet innan fristen 3.mars.

### Samandrag

Eit ekspertutval har lagt fram ein rapport om inntektssystemet for fylkeskommunane. Med bakgrunn i at fleire fylkeskommunar skal delast frå 2024, fekk utvalet i oppdrag å gjere ei heilskapleg vurdering av inntektssystemet for fylkeskommunane, med særleg vekt på utgiftsutjamninga.

Rapporten er sendt på høyring til fylkeskommunane, med frist 3. mars.

Målet med inntektssystemet er å fordele rammetilskotet mellom fylkeskommunane på ein måte som set dei i stand til å gje eit likeverdig tilbod til innbyggjarane. Ulikskapar i alderssamansetjing og geografi gjer at fylkeskommunane har ulikt kostnadsbehov.

I denne saka vil ein først gje eit kort oversyn over forslaga frå utvalet. Deretter vil ein gå nærare inn på dei punkta som har store økonomiske utslag, og som det er mest aktuelt for Vestlandsrådet å gje uttale om.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Thorbjørn Aarethun**  
sekretariatsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Eit ekspertutval har lagt fram ein rapport om inntektssystemet for fylkeskommunane. Med bakgrunn i at fleire fylkeskommunar skal delast frå 2024, fekk utvalet i oppdrag å gjere ei heilskapleg vurdering av inntektssystemet for fylkeskommunane, med særleg vekt på utgiftsutjamninga.

Rapporten er sendt på høyring til fylkeskommunane, med frist 3. mars.

Målet med inntektssystemet er å fordele rammetilskotet mellom fylkeskommunane på ein måte som set dei i stand til å gje eit likeverdig tilbod til innbyggjarane. Ulikskapar i alderssamansetjing og geografi gjer at fylkeskommunane har ulikt kostnadsbehov.

I denne saka vil ein først gje eit kort oversyn over forslaga frå utvalet. Deretter vil ein gå nærare inn på dei punkta som har store økonomiske utslag, og som det er mest aktuelt for Vestlandsrådet å gje uttale om.

## Kort gjennomgang av rapporten frå utvalet

### Utgiftsutjamninga

Utgiftsutjamninga omfattar desse sektorane:

Sektor	Vekt (dagens system)
Vidaregåande opplæring	0,5219
Tannhelse	0,0457
Kollektivtransport	0,1880
Ferje	0,0481
Fylkesvegar	0,1963
Sum	1,0000

Vektene for kvar sektor vert fastsett ut frå rekneskapstal. Ein ser at vidaregåande opplæring utgjer over halvparten. For kvar sektor er det valt ut kriterium som ein meiner kan forklare variasjonane i kostnadsbehov.

### Delkostnadsnøkkelen for vidaregåande opplæring

For vidaregåande opplæring vert det nytta følgjande kriterium:

- Innbyggjarar 16-18 år
- Tal søkjarar til utdanningsprogram med høge kostnader
- Tal søkjarar til læreplass
- Reiseavstand

Utvalet har ikkje forslag om å endre desse kriteria, men tilrår ei mindre justering av vektene, slik at søkjarar til læreplass og reiseavstand får noko høgare vekt.

### Delkostnadsnøkkelen for tannhelse

Dei viktigaste kriteria som vert nytta for tannhelse er talet på innbyggjarar i dei aldersgruppene som fylkeskommunen har eit lovpålagt ansvar for. Utvalet foreslår at ein i tillegg inkluderer reiseavstand i denne nøkkelen.

### Delkostnadsnøkkelen for kollektivtransport

Dagens kriterium for buss og bane er:

- Innbyggjarar busett spreidt
- Sysselsette etter arbeidsstad

Båtkriterium:

- Normerte båtkostnader

- Kystlinje i km

Utvalet foreslår å kutte ut eigne kriterium for båt, og lage ein felles nøkkel for buss, båt og bane. Grunngevinga er at kriteriet normerte båtkostnader ikkje er objektivt, men vert påverka av fylkeskommunane sine vedtak om å opprette eller leggje ned båtsamband. Ein er heller ikkje sikre på at kriteriet kystlinje er treffsikkert nok.

Utvalet har foreslått 2 alternative delkostnadsnøklar med følgjande kriterium:

	Alternativ 1	Alternativ 2
Trengselsfaktor (innbyggjarar i dei største byane)	X	
Innbyggjarar 19-34 år	X	
Reiseavstand for å nå 11000 innb.	X	X
Sysselsette (bu- og arbeidsstad)		X

Konsekvensane av dette vert kommentert seinare i saka.

### Delkostnadsnøkkelen for fylkesvegferjer

Kriterium:

- Normerte ferjekostnader

Normerte ferjekostnader vert rekna ut etter ein modell utvikla av Møreforskning. Modellen tek utgangspunkt i ferjer drivne med diesel. Transportøkonomisk institutt har fått i oppdrag å utvikle ein ny modell som legg til grunn nullutsleppsteknologi i alle samband. Men TØI viser til at det enno er fleire usikre faktorar knytt til ny modell.

Utvalet rår til at ein inntil vidare held fram med å nytte Møreforskning sin modell. Men ein vil estimere billettinntekter etter TØI sin modell, dvs. ut frå Autopass-regulativet.

### Delkostnadsnøkkelen for fylkesveg

Kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg bygde tidlegare på ein modell Statens vegvesen hadde utvikla: Motiv. Denne modellen vert ikkje lenger oppdatert, og frå 2022 gjekk ein over til ein forenkla modell, utvikla av ViaNova. Når fylkeskommunar skal splittast opp er det ein del faste faktorar som må endrast. Kommunal- og distriktsdepartementet gav difor Senter for økonomisk forskning i oppdrag å utvikle ein ny modell.

Ein har lagt vinn på å forenkla nye modellar samanlikna med den opphavlege Motiv-modellen. Modellen frå ViaNova hadde 20 kriterium. I modellen frå SØF har ein redusert dette til 10.

### Kapitalkostnader

I dagens inntektssystem er ikkje kapitalkostnader med i utgiftsutjamninga. Unnataket er fylkesveg-nøkkelen, som også tek omsyn til investeringskostnader. For kollektivtrafikken er kapitalutgifter indirekte med ved at fylkeskommunane må dekke operatørselskapa sine kapitalkostnader gjennom driftstilskota.

Fleirtalet i utvalet går inn for at avskrivningar bør inkluderast for vidaregåande opplæring og tannhelsesektoren. Avskrivningar bør inkluderast når ein reknar sektorvektene og det samla utgiftsbehovet som vert omfordelt gjennom kostnadsnøkkelen.

Resultatet er at sektorvekta for vidaregåande opplæring vil auke noko. Summen som vert omfordelt i utgiftsutjamninga vert høgare, og det er dermed ein lågare sum som er igjen til lik fordeling etter talet på innbyggjarar.

Mindretalet er i prinsippet samde om kapitalkostnader bør inngå i utgiftsutjamninga, men er usikre på om utvalet sine analyser gjev godt nok grunnlag for å setje i verk ei slik endring.

### Særskilt fordeling

Noko av rammetilskotet vert ikkje fordelt etter fastsette kostnadsnøklar, men har ei særskilt fordeling (tabell C i Grønt hefte.)

Det er tre saker som er faste eller langsiktige ordningar, der staten har gjeve signal eller lovnader om særskilt fordeling så lenge sakene er aktuelle. Det gjeld:

- Kompensasjon for tunnelsikkerhetsforskrifta
- Ferjeavløysingsordninga
- Tilskot til barnevern i Oslo

Utvalet meiner at følgjande saker bør fordelast etter ordinære kriterium:

- Midlar til låg- og nullutsleppsløysingar for ferjer og snøggåtar (103 mill. kr)
- Kompensasjon for ordninga med gratis ferjer (181 mill. kr)
- Forvaltning av tilskot på landbruksområdet (8 mill. kr)
- Jobbsjansen del B (100 mill. kr)
- Distrikts- og regionalpolitiske tilskot (105 mill. kr)

Midlane til låg- og nullutsleppsløysingar for ferjer vert i dag fordelt etter talet ferjesamband med el-ferje i 2020. Vestland var tidleg ute, og fekk ein stor del av potten. Etter kvart har andre fylkeskommunar kome etter. «Dagens fordeling er dermed utdatert» fastslår utvalet.

Det er naturleg at kompensasjon for ordninga med gratis ferjer har ei særskilt fordeling under innføring av ordninga. Men når ordninga er implementert med heilårseffekt vil den naturlege løysinga vere at ein oppdaterer estimerte inntekter i modellen for normerte ferjekostnader, slik at fordelinga skjer etter den ordinære ferjenøkkelen.

To av sakene som i dag ligg i tabell C meiner utvalet bør takast ut, og gjevast som øyremerkte tilskot. Det gjeld

- Midlar til ras- og skredsikring på fylkesvegane (871 mill. kr)
- Tilskot til ikkje-statlege lufthamner (48 mill. kr)

Ei siste sak frå tabell C er opprusting og fornying av fylkesvegane. Utvalet er delt i synet på om desse midlane bør vidareførast med særskilt fordeling eller om midlane bør omfordelast etter fylkesvegøkkelen. Fleirtalet i utvalet tilrår at midlane bør fordelast etter fylkesvegøkkelen.

### **Skjønstilskot**

Utvalet foreslår å avvike storparten av midlane som har vorte fordelt etter skjøn. Midlane bør i staden delast ut med eit likt beløp per innbyggjar.

### **Overgangs- og kompensasjonsordningar**

Utvalet foreslår at det vert innført ei fast symmetrisk overgangsordning på fire år, der fordelingsverknader av systemendringar vert fasa inn gradvis med ein lik del kvart av dei fire åra.

Då inntektssystemet vart endra i 2020, vart det lagt inn ei kompensasjonsordning for fylkeskommunane som tapte mest. Utvalet foreslår at dei 335 mill. kr som inngår i ordninga no vert fordelt mellom alle fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar.

### **Nærare om moment som kan vere aktuelt å gje uttale om frå Vestlandsrådet**

Ei kvar endring av inntektssystemet vil ha større eller mindre omfordelingsverknader. Det spesielle med det framlagde forslaget er at det ser ut til å gje ei systematisk omfordeling frå fylkeskommunane langs kysten til fylkeskommunane på austlandet. Unntaket frå dette er Finnmark, som kjem svært godt ut.

Kapittel 10 i rapporten har ein tabell som syner fordelingsverknadene av forslaget frå fleirtalet i utvalet.

Fylke	Fordelingsvirkninger	
	1000 kr	Kr per innb.
Østfold	93 277	312
Akershus	359 977	573
Oslo	156 627	228
Innlandet	132 097	341
Buskerud	-10 212	-36
Vestfold	-27 178	-108
Telemark	-18 842	-109
Agder	24 997	82
Rogaland	-216 391	-453
Vestland	-81 926	-129
Møre og Romsdal	-187 863	-707
Trøndelag	-5 037	-11
Nordland	-193 232	-795
Troms	-116 377	-699
Finnmark	90 084	1 190
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Ein ser at Rogaland, Møre og Romsdal og Nordland taper mest. Tapet for Vestland er knapt 82 mill. kr. Akershus, Oslo og Innlandet er dei største vinnarane.

### Båtruter

Ei forklaring på at fylkeskommunane langs kysten kjem dårleg ut er at utvalet foreslår å ta ut egne kriterium for båtruter, og i staden lage ein felles nøkkel for kollektivreiser med buss, bane og båt.

Sjølv om normerte båt kostnader ikkje er eit objektivt kriterium, er det grunn til å tru at kriteriet er treffsikkert, då det byggjer på nyleg gjennomførte analysar av kostnadene ved å drive båtruter. Når ein kombinerer dette med det objektive kriteriet lengde kystlinje, er det liten grunn til å tru at kriteriet har utilsikta verknader ved at det tilskyndar fylkeskommunar til å opprette nye båtruter eller hindrar nedlegging av eksisterande ruter.

Utvalet har presentert to alternativ for ein samla delkostnadsnøkkel for kollektiv persontransport. Det er ikkje utan vidare lett å vurdere kva for alternativ som gjev eit mest mogleg rettferdig utfall. Utvalet gjev følgjande vurdering av alternativa:

«Alternativ 1 fanger opp kostnadsdrivere knyttet til trengsel og storbyforhold, mens alternativ 2 generelt anslår et høyt utgiftsbehov for fylkeskommuner der utgifter til båter utgjør en forholdsvis stor del av de samlede utgiftene til kollektivtransport.»

Utvalet skriv også følgjande:

«Utvalget mener også at det kan være en ulempe at det ikke er kriterier som er mer direkte knyttet til båtrotene, siden kostnadene per reise med båter er langt høyere enn kostnadene per reise med buss og bane.»

### **Opprusting og fornying av fylkesvegnettet**

Rammetilskotet vart i 2014 styrka med 780 mill. kr for at fylkeskommunane skulle bli sett i stand til å ruste opp og fornye fylkesvegane. Løyvinga er blitt auka fleire gonger, og er no 1,6 mrd. kr. Fordelinga vert gjort på grunnlag av ei kartlegging Statens vegvesen gjorde av vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet i 2010-2012.

Fleirtalet i utvalet meiner tida er inne til å avslutte den særskilte fordelinga og at midlane bør fordelast etter fylkesvegkriteriet. Eit mindretal meiner at desse midlane inntil vidare bør vidareførast med ei særskilt fordeling.

I følge tabellar som KS har utarbeidd vil ei omfordeling av desse midlane etter fylkesvegkriteriet resultere i mindreinntekter på om lag 66 mill. kr for Vestland fylkeskommune.

Opprusting av fylkesvegnettet er ei av dei største utfordringane fylkeskommunane på Vestlandet særskilt står overfor. Fylkesvegkriteriet gjev eit overslag over kostnaden ved drift og vedlikehald av fylkesvegane. Kriteriet tek ikkje omsyn til tilstanden på vegnettet, og dermed ikkje behovet for opprusting og fornying.

### **Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til at denne saka vil bli handsama av fylkeskommunane, og tilrår at arbeidsutvalet får fullmakt til å vurdere grunnlaget for ein eigen uttale frå Vestlandsrådet etter at fylkeskommunane har gjort sine vedtak.

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	5/23	07.02.2023

## Flaumsikring av fylkeskommunal infrastruktur - uttale

### Forslag til vedtak

Vestlandsrådet vedtek følgjande uttale;

Vestlandsrådet meiner det er viktig å tilpasse og utbetre fylkesvegnettet for å møte utfordringar til framtidige klimaendringar. Åra framover vil få hyppigare ekstreme naturhendingar i form av blant anna styrtregn, flaum og skred, som påverkar kritisk infrastruktur. I tillegg til dei økonomiske konsekvensane påverkar det og tryggleiken til befolkninga.

Det er utfordrande å finne økonomisk handlingsrom for å klimatilpasse fylkesvegnettet, då dette kjem i tillegg til kostnaden til det store vedlikehaldsetterslepet i dei tre fylka. Fylkeskommunane vert stilt i ein svært krevande situasjon når statlege myndigheiter, som NVE, oppfordrar til å gjere utbetringar på infrastruktur knytt til fylkesvegnettet, som elles ikkje ville blitt prioritert.

Vestlandsrådet ser det som uheldig at NVE planlegg tiltak som pressar fram store kostnadar hos andre som eig og forvaltar konstruksjonar ved elva. Dersom NVE vurderer at nytten ved tiltaket er større enn dei samla kostnadane, må NVE bere kostnadene med ny infrastruktur i vassdraget. Kor finansieringsmidlar kjem frå vil ikkje vere ein relevant faktor i nytte/kost vurderingar av eit tiltak.

Spørsmål her er kven som har det samla ansvaret for flaumsikring og som også bør ta det samla finansieringsansvaret.

Vestlandsrådet viser til den varsla stortingsmeldinga om flom- og skredpolitikken, våren 2024, og vil understreke behovet for ei endring i den statlege tilskotsordninga for flaumsikring, der også finansiering av tiltak på fylkeskommunal infrastruktur for flaumsikring av vassdrag vert inkludert.

### Samandrag

Olje- og energidepartementet løyver årleg midlar til flaum og skredførebygging til NVE. Føremålet med tilskotsordninga er å dekke fysiske flaumsikringsprosjekt av sårbar busetnad i kommunane. Tilskotsordninga dekkjer ikkje tiltak for fylkeskommunal infrastruktur som eventuelt må skiftast ut ved flaum- og skredførebygging. Regjeringa har redusert løyvingane til flaum og skredførebygging frå 313,3 mill. 2022-kr i 2022 til 171,3 mill. 2023-kr i 2023.

I denne saka vert det lagt opp til at Vestlandsrådet vedtek ein uttale til regjering og Storting, der det tydeleg vert understreka at den statlege tilskotsordninga også må inkludere finansiering av tiltak på

fylkeskommunal infrastruktur for flaumsikring av vassdrag. Fylkeskommunane har ikkje økonomisk handlingsrom til å finansiere slike tiltak, der eksisterande infrastruktur elles er i god teknisk stand og ivaretek dei trafikale funksjonane.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Dina Lefdal**  
avdelingsdirektør  
Infrastruktur og veg (INV)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Endringane i klima er ein av dei største utfordringane for verda i tida som kjem, klimaendringane kjem med meir nedbør og meir ekstremvær, noko som påverkar infrastruktur og busetjing langs flaumutsette stader. Framtidige klimaendringar gjev ein risiko for øydeleggingar som følgje av flaumhendingar i åra framover. Det er venta at klimaendringar fører til aukande hyppigheit av ekstreme vêrhendingar, med meir intensiv nedbør som ein av konsekvensane.

Det store vedlikehaldsetterslepet på dei fylkeskommunale bruene er venta å auke i åra framover. Både grunna for lite midlar til vedlikehald, men og grunna klimaendringar som gjev meir slitasje på bruene. Hovudfunna frå siste del frå FN's klimapanel sin sjette hovudrapport som vart lagt fram i 2022 viser at det er viktigare enn nokon gong at arbeidet med tilpassing til klimaendringane vert sett i gong.

I Riksrevisjonen sin rapport (Dokument 3:6 2021-2022) kjem det fram at myndigheitene ikkje har sikra seg tilstrekkeleg oversikt og iverksett nødvendige tiltak for å sikre eksisterande infrastruktur. Riksrevisjonen vurderer også at det er kritikkverdig at dagens samordning mellom departementa er for svak for å kunne gjennomføre nødvendige førebuingar og tilpassingar av samfunnet til å møte klimaendringane.

Olje- og energidepartementet løyver årleg midlar til flaum og skredførebygging til NVE. Føremålet med tilskotsordninga er å dekke fysiske flaumsikringsprosjekt av sårbar busetnad i kommunane. Tilskotsordninga dekkjer ikkje tiltak for fylkeskommunal infrastruktur som eventuelt må skiftast ut ved flaum- og skredførebygging. Regjeringa har redusert løyvingane til flaum og skredførebygging frå 313,3 mill. 2022-kr i 2022 til 171,3 mill. 2023-kr i 2023.

Regjeringa har varsla ein gjennomgang av flom- og skredpolitikken, og vil legge frem en melding for Stortinget våren 2024. Denne stortingsmeldinga vil bli viktig i oppdatering av kunnskaps- og beslutningsgrunnlaget knyttet til naturfarer. Sjå meir info på vedlagte lenke; <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/varsler-gjennomgang-av-flom-og-skredpolitikken/id2949544/>

I denne saka vert det lagt opp til at Vestlandsrådet vedtek ein uttale til regjering og Storting, der det tydeleg vert understreka at den komande stortingsmeldinga må foreslå ei endring av den statlege tilskotsordninga, der også finansiering av tiltak på fylkeskommunal infrastruktur for flaumsikring av vassdrag vert inkludert. Fylkeskommunane har ikkje økonomisk handlingsrom til å finansiere slike tiltak, der eksisterande infrastruktur elles er i god teknisk stand og ivaretek dei trafikale funksjonane.

### NVE set fylkeskommunane i ein vanskeleg situasjon

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har kontakta Vestland fylkeskommune med oppmoding om å byggje ny bru ved Storelva, på fv. 60 i Innvik, Stryn kommune, i brev datert 15.november 2021. Oppmodinga vart gjort i samband med NVE sin prosjektering av fysiske utbetringar i elva knytt til flaumfare. Prosjektet i Innvik vart meldt inn i 2002.

Framtidige flaumhendingar er ikkje eit kriterium som i seg sjølv fører til at fylkeskommunane prioriterer utbetring av ei bru, med mindre det samstundes er registrert skade på brua eller ligg føre andre prioriteringar for vegnettet i området.

Fylkesutvalet i Vestland gjorde følgjande vedtak 5.april 2022:

1. *Fylkesutvalet er positive til føremålet med den statlege tilskotsordninga for flaum og skredsikring og ser på den som eit viktig klimatilpassing tiltak, men meiner at ordninga må endrast slik at den tar opp i seg fylkeskommunal infrastruktur. Fylkesutvalet meiner og dei økonomiske rammene til ordninga må aukast. Verknadane av klimautfordringane med auka*

*skred og flaum er ikkje likt fordelt mellom fylka, noko som talar for at det bør vere ei statleg ordning som fangar opp trongen for prioriterte førebyggingstiltak. Fylkesutvalet ber fylkesordførar følgje opp saka mot regjeringa.*

- 2. Fylkesutvalet legg til grunn at kostnaden for skifte av bru over fv. 60 i samband med flaumsikring av Storelva i Innvik i Stryn kommune blir ut fullt dekt av staten som ein del av ordninga for flaumsikringstiltak. Fylkesutvalet vil ikkje prioritere fylkeskommunale midlar til ny bru over Storelva ved Fv.60 i Innvik.*

NVE sendte 28.juni 2022 eit svar på vedtaket der dei skreiv at sikringstiltaket i Innvik ikkje lenger hadde ei høg samla nytte/kost. NVE valte difor inntil vidare å innstille prosjektet i Innvik. Vidare vart det i brevet frå NVE sagt følgjande:

*«Vedtaket set også presedens for korleis vi handterer våre framtidige sikringsprosjekt langs og i vassdrag både i Vestland fylke og elles i landet. NVE kan ikkje prioritere sikringstiltak der den samla nytte/kosten vert kraftig redusert av at andre eigarar av infrastruktur som må utbetrast som ein del av det samla tiltaket ikkje prioriterer sin del av det nødvendige sikringsarbeidet»*

## **Konklusjon**

Fylkesdirektøren meiner det er viktig å tilpasse og utbetre fylkesvegnettet for å møte utfordringar til framtidige klimaendringar. Åra framover vil få hyppigare ekstreme naturhendingar i form av blant anna styrtregn, flaum og skred, som påverkar kritisk infrastruktur. I tillegg til dei økonomiske konsekvensane påverkar det og tryggleiken til befolkninga.

Det er utfordrande å finne økonomisk handlingsrom for å klimatilpasse fylkesvegnettet, då dette kjem i tillegg til kostnaden til det store vedlikehaldsetterslepet i dei tre fylka. Fylkeskommunane vert stilt i ein utfordrande situasjon når statlege myndigheiter, som NVE, oppfordrar til å gjere utbetringar på infrastruktur knytt til fylkesvegnettet, som elles ikkje ville blitt prioritert.

Fylkesdirektøren ser på det som uheldig at NVE planlegg tiltak som pressar fram store kostnader hos andre som forvaltar konstruksjonar ved elva. Dersom NVE likevel vurderer at nytten ved tiltaket er større enn kostnadane, må NVE bere kostnaden med ny infrastruktur i vassdraget. Det er særskild uheldig at NVE meiner saka om Storelva bru på fv.60 i Innvik i Vestland fylkeskommune set presedens for korleis framtidige sikringsprosjekt langs og i vassdrag både i Vestland fylke og elles i landet vert handtert. Kor finansieringsmidlar kjem frå vil ikkje vere ein relevant faktor i nytte/kost vurderingar av eit tiltak. Spørsmål her er kven som har det samla ansvaret for flaumsikring og som også bør ta det samla finansieringsansvaret.

Fylkesdirektøren tilrår at Vestlandsrådet vedtek ein uttale til regjering og Storting der dette ansvarsprinsippet vert understreka, slik at i tilfeller der fylkeskommunal infrastruktur må skiftast ut ved flaum- og skredførebygging må dette dekkast av den statlege tilskotsordninga.

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	6/23	07.02.2023

## Vått og villare på Vestlandet - auka nasjonal satsing på vedlikehald av fylkesvegnettet. Uttale til arbeidet med statsbudsjettet 2024.

### Forslag til vedtak

Vestlandsrådet vedtek følgjande uttale;

Med klimaendringane tyder prognosane på at særleg Vestlandet vil bli ramma av våtare og villare vêr i tida framover. Dette vil få store konsekvensar på Vestlandet, med auka risiko for flaum og erosjon, skred, dårleg framkome og regularitet, samt auka behov for beredskap. Når vegar vert stengd på grunn av skred er det ikkje berre framkome som vert ramma gjennom lange omkøyringsvegar, men også innbyggjarane sin kvardag vert utrygg og farefull.

Vestlandsrådet er svært positiv til den øyremerkte statlege tilskotsordninga til vedlikehald av fylkesvegnettet. Dei økonomiske rammene for tilskotsordninga i 2023 er vesentleg lågare enn gjennomsnittet som vart skissert for NTP-perioden 2022-2033. Det er i 2023 løyvd 389,6 mill. kroner til ordninga over statsbudsjettet, medan det i NTP er lagt opp til ei årleg gjennomsnittleg løyving på 775 mill.kr for åra 2022–2027.

For å lukkast med å stanse og redusere veksten i vedlikehaldsetterslepet må vi ta betre vare på det vi har, før forfallet vert for stort. Fylkeskommunane vil prioritere dette så høgt som mogeleg innanfor eigne budsjett, men treng statleg medfinansiering for å kunne ta att etterslepet. Dette etterslepet fekk ein betydeleg auke i samband med forvaltningsreforma i 2010, der fylkeskommunane fekk overført ei rekke riksvegstrekingar der etterslepet i 2013 var rekna til i overkant av 18 mrd. kroner for vestlandsfylka samla.

Ei kraftig opptrapping av den statlege medfinansieringa for vedlikehald av fylkesvegnettet er derfor naudsynt. Vestlandsrådet ber derfor regjeringa og Stortinget om å auke det øyremerkta tilskotet til vedlikehald av fylkesvegane i statsbudsjettet for 2024, i tråd med det som er vedteke i samband med handsaminga av NTP 2022-2033.

## Samandrag

Med klimaendringane og meir ekstremvær vil fylkeskommunane på Vestlandet særskilt få utfordringar med vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet. Den øyremerka nasjonale tilskotsordninga for vedlikehald av fylkesvegnettet vart ikkje trappa opp i statsbudsjettet for 2023 i samsvar med det som var lagt opp til i NTP 2022-2033. Med grunnlag i dette og vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet på Vestlandet, vert det i saka lagt opp til at Vestlandsrådet vedtek uttale om opptopping og auka nasjonal satsing på vedlikehald av fylkesvegnettet i arbeidet med statsbudsjettet for 2024.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Thorbjørn Aarethun**  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkesvegnettet utgjer i dag omtrent halvparten av all offentleg veg i Noreg og er ein viktig del av transportinfrastrukturen i landet<sup>1</sup>. For vestlandsfylka Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland, er ein stor del av industrien og næringslivet langs kysten avhengig av eit godt fylkesvegnett for å få frakta varene sine, særleg der det ikkje er eit alternativ å få meir gods over på bane og sjø.

Fylkeskommunen har eit sjølvstendig ansvar for samfunnstryggleik og beredskap for fylkesvegane, jf. veglova § 10. Fylkesvegane skal vere trygge, opne og funksjonelle til ei kvar tid. Eit høgare nivå på drift og spesielt vedlikehald av vegnettet er avgjerande for å sikre eit trygt og framcomeleg transportsystem for alle typar trafikantar. Samstundes vil eit stort vedlikehaldsetterslep utfordre kravet om at fylkesvegnettet til ei kvar tid skal vere trygt, opent og funksjonelt.

Med klimaendringane og meir ekstremvær vil fylkeskommunane på Vestlandet særskilt få utfordringar med vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet. Den øymerka nasjonale tilskotsordninga for vedlikehald av fylkesvegnettet vart ikkje trappa opp i statsbudsjettet for 2023 i samsvar med det som var lagt opp til i NTP 2022-2033. Med grunnlag i dette og vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet på Vestlandet, vert det i saka lagt opp til at Vestlandsrådet vedtek uttale om opptrapping og auka nasjonal satsing på vedlikehald av fylkesvegnettet i arbeidet med statsbudsjettet for 2024.

### Etterslep på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland

Statens vegvesen kartla i 2018/2019 forfallet på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal. Etterslepet var då berekna til å vere om lag 8,6 mrd. i 2019-kroner. Statens vegvesen registrerte ikkje tilstanden på alle veg-elementa i 2019, så tilstanden kan vere verre enn antatt.

Regjeringa har i Hurdalsplattforma varsla at dei vil gjennomføre ei ny kartlegging av vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg, og at det skal bli utarbeidd ein forpliktande plan for å redusere etterslepet. I mars 2022 fekk Statens vegvesen ei bestilling om å starte dette, det er ikkje kjent når dette arbeidet blir ferdigstilt. Fram til ny kartlegging er gjennomført, kan vi ta utgangspunkt i 2019-rapporten frå Statens vegvesen for å berekne vedlikehaldsetterslepet per 2022, og sannsynleg vidare utvikling i etterslepet. For 2022 anslår Møre og Romsdal fylkeskommune at etterslepet på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal låg i intervallet 11–12 mrd. kroner. I Vestland er det ikkje gjort noko ny kartlegging sidan 2013, då etterslepet for Hordaland og Sogn og Fjordane samla var om lag 10, 4 mrd. kroner. Prisjustert vert dette om lag 14 mrd. kroner i 2022-kroner. I Rogaland var vedlikehaldsetterslepet om lag 2, 4 mrd. kroner i 2013.

### Kvifor veks etterslepet så fort?

Det store etterslepet skuldast dels at fylkeskommunane etter forvaltningsreforma i 2010 fekk overført ei rekke vegstrekningar frå staten der etterslepet i 2013 var rekna til i overkant av 18 mrd. kroner for vestlandsfylka samla<sup>2</sup>, utan at dei økonomiske rammene var tilstrekkelege for å handtere dette. Det har ikkje lukkast å ta att dette etterslepet. Det heng mellom anna saman med at det er innført ei rekke krav frå nasjonale styresmakter, som krev auka midlar til drift, vedlikehald og oppgraderingar av fylkesveg. Dette gjeld særleg krav i samband med tunnelsikkerheitsforskrifta for fylkesveg. Vestlandsfylka har alle mange dyre vegelement som bruer, tunnelar og ferjekaier.

Dei siste åra har også våtare og villare vêr gitt fleire ustabile periodar<sup>34</sup> og hyppigare temperatursvingingar kring frysepunktet i vinterhalvåret. Dette har bidratt til auka behov for midlar til

<sup>1</sup> Meld. St. 20 (2020–2021) Nasjonal transportplan 2022–2033

<sup>2</sup> <https://vegvesen.brage.unit.no/vegvesen-xmlui/handle/11250/2657006>

<sup>3</sup> <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/klima/klimaendringer-i-norge/>

<sup>4</sup> <https://www.nve.no/vann-og-vassdrag/vannets-kretsloep/klima/klima-naa-og-i-framtiden/>

vedlikehald, samstundes som kostnadsutviklinga innanfor samferdselssektoren har vore formidabel. Desse faktorane gjer at løyvingar til vedlikehald gir mindre att for pengane.

### Korleis kan etterslepet hentast inn?

For å handtere utfordringa med vedlikehaldsetterslepet vart det i 2022 i samband med Nasjonal transportplan 2022–2033 oppretta eit nytt, statleg tilskot retta inn mot vedlikehald, fornying og utbetring av fylkesvegane. I statsbudsjettet for 2022 vart det satt av om lag 290 mill. kroner til det øymerka tilskotet. Denne satsinga kom i tillegg til dei frie midlane som fylkeskommunane får gjennom det ordinære inntektssystemet. Det øymerka tilskotet skal fordelast til fylkeskommunane med utgangspunkt i vedlikehaldsetterslepet<sup>5</sup>. I Nasjonal transportplan 2022–2033 legg regjeringa opp til ei opptrapping av tilskotsordninga, kor gjennomsnittleg årleg tilskot skal vere 775 mill. kroner i perioden 2022–2027, og 1 775 mill. kroner i perioden 2028–2033<sup>6</sup>, som vist i tabellen under:

Tabell 2 Prioritering til fylkesveg innanfor øymerka tilskot. Årleg gjennomsnitt. mill. kroner

	Budsjett 2021	2022–2027	2028–2033	2022–2033
Tilskudd til fylkesveier	175	775	1 775	1 275

### Tilskotsordninga må styrkast

Det er svært positivt med ei øymerkt tilskotsordning, men tilskotet er no vesentleg lågare enn gjennomsnittet som vart skissert for perioden. Det er i 2023 løyvd 389,6 mill. kroner til ordninga over statsbudsjettet. Dette ligg ein del under gjennomsnittet som er skissert for åra 2022–2027, og held dette fram vil ikkje regjeringa lukkast med ambisjonen om å redusere veksten i etterslepet.

Våtare og villare vêr vil gje store drifts- og vedlikehaldsutfordringar framover. Høgare temperaturar er venta å gje større og meir intense nedbørsmengder<sup>7</sup>. Dette har store konsekvensar på Vestlandet, med auka risiko for flaum og erosjon, skred, dårleg framkome og regularitet, samt auka behov for beredskap. Når vegar stengast på grunn av skred er det ikkje berre framkome som rammast gjennom lange omkøyringsvegar, det gjer folk sin kvardag utrygg.

For å lukkast med å stanse og redusere veksten i vedlikehaldsetterslepet må vi ta betre vare på det vi har, før forfallet vert for stort. Ei kraftig opptrapping er naudsynt. Vestlandsrådet ber derfor regjering og Storting om å auke det øymerka tilskotet til vedlikehald av fylkesvegane i statsbudsjettet for 2024, i tråd med framlegget i NTP.

Vestlandsrådet oppmodar vidare regjering og Storting til å sikre at ny Nasjonal transportplan for 2025–2036 vert ein heilskapleg langtidsplan for samferdselsutviklinga i heile Noreg, ikkje berre ein plan for statleg infrastruktur.

### Konklusjon

Med klimaendringane og meir ekstremvær på Vestlandet vil fylkesdirektøren understreke behovet for å prioritere vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet i dei tre fylkeskommunane på Vestlandet. Vedlikehaldsetterslepet er stort og for å ta att dette etterslepet treng fylkeskommunane statleg medfinansiering. Den øymerka nasjonale tilskotsordninga for vedlikehald av fylkesvegnettet vart ikkje trappa opp i statsbudsjettet for 2023 i samsvar med det som var lagt opp til i NTP 2022-2033.

Fylkesdirektøren foreslår derfor at Vestlandsrådet avgjer uttale til regjeringa og Stortinget om dette, og adresserer tydelege forventningar til arbeidet med statsbudsjettet for 2024.

<sup>5</sup> Prop. 1 S (2021–2022) Samferdselsdepartementet, kap. 1320, post 65

<sup>6</sup> Meld. St. 20 (2020–2021) Nasjonal transportplan 2022–2033

<sup>7</sup> <https://www.nve.no/vann-og-vassdrag/vannets-kretsloep/klima/klima-naa-og-i-framtiden/>

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	7/23	07.02.2023

## Manglande nasjonal finansiering av Interreg-programma - uttale til arbeidet med statsbudsjettet 2024.

### Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet ber regjeringa styrke Interreg-programma i arbeidet med komande statsbudsjett, og peiker særleg på Nordsjøprogrammet som viktig for vestlandsfylka. Vestlandsrådet ber også regjeringa finne fram til ein praksis som gjev Interreg-programma føreseielege budsjett over heile dei sjuårige programperiodane.
2. Arbeidsutvalet får fullmakt til å utforme og oversende endeleg uttale frå Vestlandsrådet.

### Samandrag

Interreg er eit felles namn for EU sine grenseoverskridande samarbeidsprogram der aktørane har moglegheit til å samarbeide med partnerar i nærliggande regionar eller med heile Europa i felles utviklingsprosjekt. Interreg skal styrke samarbeid over landegrensene. Prosjekt som fremmer regional utvikling, utveksling av kunnskap og berekraftig økonomisk vekst, mottok økonomisk støtte frå Norge gjennom fleire Interreg-program. Programma prioriterer innsats innan fleire område. Næringsutvikling, klima og miljø, berekraftige transportløyser, kompetanse og arbeidskraftsmobilitet vert prioritert høgt i noverande programperiode.

Store kutt i årlege løyvingar på statsbudsjettet til Interreg-programma skapar usikkerheit, og begrenser norske aktører si deltaking i regionale samarbeidsprosjekt. Nordsjøprogrammet, som skal bidra til å sikre ei grøn og bærekraftig framtid for Nordsjøområdet er ekstra hardt ramma av desse budsjettkutta. Den nasjonale finansieringa av dette programmet er pr. i dag redusert med over 67% i programperioden 2021-2027, samanlikna med forrige periode 2014-2020.

Denne saka legg opp til at Vestlandsrådet vedtek å oversende uttale til regjering og Storting om uheldige konsekvensar av manglande nasjonal finansiering av interreg-programma, og at dette må rettast opp i samband med revidert nasjonalbudsjett og komande statsbudsjett.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Thorbjørn Aarethun  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Interreg er eit felles namn for EU sine grenseoverskridande samarbeidsprogram der aktørane har moglegheit til å samarbeide med partnerar i nærliggande regionar eller med heile Europa i felles utviklingsprosjekt. Interreg skal styrke samarbeid over landegrensene. Prosjekt som fremmer regional utvikling, utveksling av kunnskap og berekraftig økonomisk vekst, mottok økonomisk støtte frå Norge gjennom fleire Interreg-program. Programma prioriterer innsats innan fleire område. Næringsutvikling, klima og miljø, berekraftige transportløyningar, kompetanse og arbeidskraftsmobilitet vert prioritert høgt i noverande programperiode.

Store kutt i årlege løyvingar på statsbudsjettet til Interreg-programma skapar usikkerheit, og begrenser norske aktører si deltaking i regionale samarbeidsprosjekt. Nordsjøprogrammet, som skal bidra til å sikre ei grøn og bærekraftig framtid for Nordsjøområdet er ekstra hardt ramma av desse budsjettkutta. Den nasjonale finansieringa av dette programmet er pr. i dag redusert med over 67% i programperioden 2021-2027, samanlikna med forrige periode 2014-2020.

Denne saka legg opp til at Vestlandsrådet vedtek uttale til regjering og Storting om uheldige konsekvensar av manglande nasjonal finansiering av interreg-programma, og at dette må rettast opp i samband med revidert nasjonalbudsjett og komande statsbudsjett.

### Kort om Interreg-program

Europakommisjonen finansierer Interreg gjennom det europeiske regionalutviklingsfondet og fremmer sosial og økonomisk integrasjon over landegrensene gjennom regionalt samarbeid. Målet er å styrke økonomisk, sosial og geografisk samhøyre mellom regionane i Europa for å utjamne forskjellar og løfte konkurransekrafta til dei svakaste regionane. Det finns til saman 88 forskjellige Interreg-program i Europa.

Norsk regionalpolitikk er ikkje ein del av EØS-avtalen og Norge har sidan 1990 forhandla med EU for å leggje til rette for norsk deltaking i Interreg-programma med eigne midlar. Den norske regjeringa fordeler kvart år midlane over statsbudsjettet og har forhandla særskilt med EU-kommisjonen om norsk deltaking i programma for Nordsjøen, Østersjøen, Nordleg periferi og Arktis (B-program); Interreg Europe-programmet mfl. (C-program) og ei rekkje grenseoverskridande program (A-program). Dei tre vestlandsfylka kan delta i Nordsjøprogrammet og Østersjøprogrammet i tillegg til C-programma.

Regjeringa har sett opp eit fond som fordeler midlar til dei ulike Interreg-programma der Norge deltek. Midlane vert overført til det enkelte program og norske deltakarar søker særskilt til dette fondet for å få finansiering til prosjektdeltaking.

#### Forskjell mellom A- og B- program

Interreg har tre programområde: A-program, B-program og C-program.

**A-program** handlar om grenseregionalt samarbeid, dette er samarbeid mellom regionar som ligg langs eller på kvar si side av ei nasjonalgrense. For Norge inneber dette eit samarbeid med Sverige, Finland, og Danmark, i tillegg var Russland med før krigen i Ukraina. Dei tre Vestlandsfylka deltek derfor ikkje i A-program. Grenser over sjø som er meir enn 150 km tel ikkje. Noreg deltek i fire A-program: NEXT Kolarctic, Aurora, Norge-Sverige og Øresund-Kattegat- Skagerak.

**B-program** handlar om regionalt samarbeid for å møte felles utfordringar mellom regionar som har geografisk nærleik og tilknytning til kvarandre. Norge deltek i Nordsjøprogrammet, Østersjøprogrammet og Nordleg Periferi og Arktis- programmet.


**C-program** er intereuropeiske og handlar om politikktutforming, kunnskapsbygging og deling av erfaringar og nettverk. Prosjektpartnerar kjem frå heile Europa. Desse programma er Interreg Europa, ESPON og URBACT.

Interregmidlane ligg under budsjettposten for samhøyre i EU-budsjettet og er ein del av regionalpolitikken til EU. EU har tildelt cirka 8 milliardar euro til Interreg, og cirka 80 prosent av alle Interreg-midlar blir fordelt til A-program med naboprogramma. Dette viser at EU har ei sterk prioritering innan samarbeid over fysiske grensar. Norge speglar denne fordelinga for norsk deltaking, slik at A-program også er prioritert i Norge. Vestlandsfylka har berre tilgang til B- og C-program.

EU sin «Green Deal» legg premissar for Interreg, og desse er i direkte samsvar med våre egne satsingsområde for samfunnet på Vestlandet. Dette kjem mellom anna klart til uttrykk i næringsstrategien for Vestlandet, som spesielt fokuserer på grøn omstilling. Vi veit derfor at Interreg-programma kjem til å støtte opp under det vi elles må gjere for å nå utsleppsmål, utvikle nye teknologiar og betre offentlege tenester. Dette er store utfordringar som vi ikkje klarer å løyse åleine, og som krev samarbeid for å lykkast.

### Prosjektfinansiering

Alle typer organisasjonar, både privat og offentlig, kan søke om finansiering til Interreg-prosjekt. Prosjekt som får finansiering gjennom Interreg programma har ein eigenandel på 50 prosent. Det vil seie at aktørane mottok 50 prosent av prosjektkostnadane frå regeringa sitt fond for norsk deltaking i Interreg. Resterande del av prosjektkostnadane må deltakarane sjølv dekke. Under første programperiode 2014-2020 fekk aktørar på Vestlandet tildelt over 20 millionar kroner. Dette betyr at aktørane på Vestlandet investerte 20 millionar kroner i eigenandel. Vi ser derfor at Interreg er viktig for vår region og at både kommunar, fylkeskommunar, forskingsinstitusjonar og privat næringsliv ser verdi i eit samarbeid gjennom Interreg. Vi ser også at verdien av kvar investerte krone i Interreg blir mangedobla både gjennom eigenandel og verdien av det totale prosjektet som er eit resultat av midlar både frå Interreg-fondet til Norge, det europeiske regionalutviklingsfondet ERDF og dei private/offentlege investeringane frå dei ulike aktørane som deltek i prosjekta.



Eit eksempel på korleis Interreg-samarbeid kan ha ei større samfunnsutviklingsrolle med verknader langt utover prosjektperioden er **RIGHT Skills for the Right Future**, eit Nordsjøprosjekt leia av Vestland fylkeskommune under Nordsjøprogrammet VB og avslutta i mai 2022. Målet var å tette kompetansegapet mellom behov til næringslivet og arbeidsmarknad. Prosjektet har styrka kompetanse hos arbeidstakarar i SMB-er innan energisektor og blå sektor, kartlagt kompetansebehov til næringslivet og etterprøvd løysingar og verktøy. Mongstad-piloten har kartlagt innovasjonskapasitet og omstillingsgrad hjå medarbeidarar i sju verksemdar. Dei resultata som er oppnådd gjennom dette prosjekt, hadde ikkje vore mogleg utan den transnasjonale kompetansen Vestland fylkeskommune fikk tilgang til, og prosjektmidlar frå Interreg som bidrog til støtte av prosjektgjennomføringa.

## Interreg som ein del av verktøykassa for regionalpolitikk

Interreg er også knytt til regional- og distriktpolitikken i Norge. Midlane må derfor sjåast i samanheng med dei regionale utviklingsmidlane som blir tildelt fylkeskommunane kvart år frå KDD over programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk, kap. 553 Regional- og distriktsutvikling. Fylka med tilgang til A-program får tildelt Interreg-midlar som ein del av deira regionale utviklingsmidlar under budsjettpost 63. Midlar til B- og C-programma ligg under budsjettpost 76, og dei tre vestlandsfylka har på like linje med fleire andre fylkeskommunar og aktørar moglegheit til å søke på desse frie midlane. Vi kan derfor konkludere med at Norge ser på Interreg-midlar som eit relevant og viktig verktøy under regionalpolitikken, der dei på same måte som i EU spesielt ønskjer å fremme grensesamarbeid.

Derimot har det vore ei utvikling i Norge over dei siste åra, og spesielt sidan 2012, der alle fylka inkludert dei tre vestlandsfylka, har fått eit betydelege kutt i regionale utviklingsmidlar. Dette i motsetning til medlemslanda i EU, noko som har ført til dramatiske endringar i korleis fylkeskommunar utviklar og deltek i utviklingsprosjekt. Dette inneber også ein nedgang i frie midlar til andre samfunnsaktørar som ønskjer å utvikle eigne prosjekt og som har tidlegare vore avhengig av å søke fylkeskommunale midlar.

Interreg er viktig for fleire aktørar, ikkje berre for fylkeskommunen i si rolla som samfunnsutviklar. Interreg er ein del av verkemiddelapparatet for norske aktørar og det er viktig å ha eit breitt spekter av verkemiddel. Samstundes ser vi at med mindre regionale utviklingsmidlar til rådvelde, er Interreg også blitt eit viktigare verktøy for mange forskjellige aktørar både i privat og offentleg sektor.

## Kutt i Nordsjøprogramma

Medlemslanda i EU forpliktar seg til eit sju-årig budsjett for finansiering av Interreg, og Interreg-programma følger dette budsjettssystemet. Noverande program varer frå 2021 til 2027. At den norske regjeringa fordeler midler kvart år, over statsbudsjettet, gjer Interreg uføreseieleg for prosjektaktørane i Norge og for partnerar i EU-land som ønskjer å samarbeide med norske aktørar. Regjeringa har i tillegg sidan 2017 systematisk kuttet i dei årlege løyvingane til Interreg.

Det råkar Vestlandet spesielt hardt sidan dei tre vestlandsfylka ikkje deltek i A-program med den prioriterte budsjettposten 76, og kuttet har vore størst for B- og C-programma. Nordsjøprogrammet som er et B program har vore spesielt hardt råka. Løyvingane for programperioden 2014-2020 var opphaveleg 10 millionar euro. Det første kuttet reduserte programma til litt over 8 millionar euro. Avtalen med EU-kommisjonen for noverande periode 2021-2027 ligg på 2,6 millionar euro, men regjeringa kan justere dette opp eller ned kvart år i statsbudsjettet. Det er svært vanskeleg å forvalte eit sju-årig program med prosjekt som varer tre til fem år med slik usikkerheit rundt årlege justeringar.

Med dagens finansieringsnivå kan det stillast spørsmål om det er verdt å halde fram med Interreg når det er så komplisert og blir så lite attraktivt for deltakarar. Usikkerheit og uføreseielege budsjett gjer at norske partnerar blir uinteressante å samarbeide med og gir Norge eit dårleg renommé blant naboland. Norske interesser burde bli sett på som seriøse aktørar som har noko å bidra med i eit viktig europeisk samarbeid rundt tema for felles utvikling, for eksempel innanfor energi, transport, klima og miljø.

Vestlandsfylka er store eksportfylke og har vore mest interessert i samarbeid med våre samarbeidspartnerar i Nordsjøområdet. Vi skulle gjerne ha sett at Nordsjøprogrammet blei beskytta frå slike justeringar, slik at alle veit kva dei har å halde seg til innanfor ei trygg økonomisk ramme.

I tillegg har aktørar i vestlandsfylka vore aktive i det inter-regionale programmet Interreg Europa, med viktige prosjekt finansiert av programmet. Interreg Europa og andre trans-europeiske program er viktige supplement til dei transnasjonale programma, og bidreg til at aktørar i Noreg får tilgang til kompetansemiljø i heile Europa. Dette styrkar både vår innovasjonsevne og innovasjonskapasitet.

Interessen for Interreg er stor og heile budsjettet for Nordsjøprogrammet er tildelt under den første utlysinga. Pr. i dag er det ikkje nok midler att for norsk prosjektdeltaking i resterande delen av

programperioden 2021-2027, slik at kommunal- og distriktsdepartementet har stoppa norsk deltaking fram til dei får ei betre oversikt og avklaring av dei økonomiske rammene framover.

Både Østlandssamarbeidet og andre grupperingar legg no til rette for påverknadsarbeid overfor regjeringa knytt til årshjulet for statsbudsjettet. Dette begynner med budsjettkonferansen i mars. Budsjettsituasjon er så anstrengt akkurat no at også vestlandsfylka må avgjere korleis dei ønsker å gå fram. Det viktigaste budskapet vil vere at Interreg-programma og spesielt Nordsjøprogrammet bør styrkast og få tildelt føreseielegebudsjett i åra framover. Tidlegare praksis frå tida før 2017 var å vidareføre det førre års budsjett. Ei god løysing ville vere om regjeringa gjekk tilbake til denne praksisen.

## **Konklusjon**

Fylkesdirektøren ser på prosjektutvikling og deltaking i Interreg. som eit viktig tilbod til private aktørar som eit supplement til ordinære virkemidlar for omstilling og næringsutvikling. Interreg-prosjekt er og ein nyttig samarbeidsarena for kunnskapsutvikling som er relevant for fylkeskommunal tenesteproduksjon og regional utvikling. Alle vestlandsfylka har i dag god fagleg kompetanse for planlegging, utvikling og søknadsprosess for Interreg.-prosjekt, og har gode erfaringar med deltaking i slike prosjekt på tvers av fylkesgrenser og landegrenser.

Fylkesdirektøren vil derfor tilrå at Vestlandsrådet rettar ein uttale mot regjering og Stortinget, for å synleggjere behovet for auka nasjonal satsing og oppretthalde Interreg som eit regionalpolitisk verkøy saman med dei ordinære regionale utviklingsmidlane.

I forslaget til vedtak legg fylkesdirektøren opp til at Vestlandsrådet ber regjeringa styrke Interreg-programma, og peikar særleg på Nordsjøprogrammet som viktig for vestlandsfylka. Vestlandsrådet ber også regjeringa finne fram til ein praksis som gjev Interreg-programma føreseielege budsjett over heile dei sjuårige programperiodane.